



## Delårsrapport for 1.kvartal 2023



# Kvartalsrapport for 1K 2023

## Rekneskapsprinsipp

Valle Sparebank nyttar IFRS 9 som rekneskapsstandard. Delårsrekneskapsen er ikkje revidert.

## Forvaltningskapital

Pr. 31.03.23 er forvaltningskapitalen på 2.175 mill. kroner. Dette er ein auke på 75,1 mill. kroner, eller 3,58 % samanlikna med same tidspunkt i fjor.

## Utlån

Brutto utlån er pr 31.03.23 på 1.787,6 mill. kroner, som er ein vekst på 79,8 mill. kroner, eller 4,67 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Brutto utlån er redusert med 1,5 mill. kroner sidan 31.12.22. Banken har ved utgangen av 1. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 777,9 mill. kroner, ein auke på 65,9 mill. kroner siste 12 mnd. Sidan nyttår er det ein nedgang på 3,5 mill. kroner

## Innskot

Innskot frå kundar er pr. 31.03.23 på 1.721,1 mill. kroner, som er ein auke på 54,6 mill. kroner, eller 3,28 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekkjer 96,28 % av brutto utlån. Til same tid i fjor var tilsvarande forholdstal 100,25 %. Det har vore ein auke i innskot på 23,9 mill. kroner sidan 31.12.22.

## Resultat av ordinær drift

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter pr. 31.03.23 er på 12 mill. kroner, som er 3,95 mill. kroner høgare enn til same tid i fjor. Rentenettoen utgjer 2,22 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 1,55 % på same tidspunkt i fjor. Andre driftsinntekter er på 2,6 mill. kroner, som er ein nedgang på 0,2 mill. kroner samanlikna med same tidspunkt i fjor.

Driftskostnader utgjer 8,18 mill. kroner, som er ein nedgang på kroner 31.000 i forhold til same periode i fjor. Av dette er

3,9 mill. kroner løn og andre personalkostnader mot 3,6 mill. kroner for same periode i fjor.

Resultat før skatt viser eit overskot på 6,56 mill. kroner, mot eit overskot på 2,7 mill. kroner på same tid i fjor. Resultat av ordinær drift etter skatt viser eit overskot på 4,99 mill. kroner mot 2,04 mill. kroner på same tid i fjor. Etter ei negativ verdijustering på aksjar målt til verkeleg verdi over utvida resultat på 1,74 mill. kroner, viser totalresultatet eit overskot på 3,25 mill. kroner. Til samanlikning viste totalresultatet eit overskot på 10,31 mill. kroner på same tid i fjor.

## Kredittap

Det er inntektsført kr 116.000 i kredittap på utlån og garantiar. I fjor på same tid var det ei inntektsføring på kr 34.000.

## Kapitaldekning

Banken har ein netto ansvarleg kapital på 211,7 mill. kroner ved utgangen av 1. kvartal 2023. Dette gjev ei kapitaldekning på 21,61 % utan at årets overskot er lagt til bankens ansvarlege kapital. Konsolidert kapitaldekning er 21,05 %.

## Utsikter for resten av året

Det auka rentenivået bidreg til eit godt kvartalsresultat for banken. Rentemarginen har auka i høve til på same tid i fjor. Norges Bank har sidan september 2021 sett opp styringsrenta til 3,00%. Norges Bank har varsla fleire rentehevingar i tida framover. Dei økonomiske utsiktene frametter er usikre. Den høge prisveksten, kombinert med eit høgare rentenivå og utsikter til lågare økonomisk vekst, kan bidra til redusert forbruk og investeringar. Høgare kostnadsnivå vil og svekke gjeldsbetjeningsevna til kundane. Det vert då enno viktigare å halda fram det gode arbeidet med overvaking og oppfølging av kredittrisikoen i utlånsporteføljen.

Resultat av underliggende drift er så langt i tråd med styrets forventningar.



Valle, 11. mai 2023

Anne Gjerden (sign)  
(styreleiar)

Knut Inge Hovet (sign)  
(nestleiar)

Elisabeth B. Spockeli (sign)

Kent M. Lund (sign)

Tor Arild Rysstad (sign)  
(tilsettere representant)

Jostein Rysstad (sign)  
(adm.banksjef)



**Resultatrekneskap**

<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>	Note	1. kv. 2023	1. kv. 2022	01.01.- 31.03.2023	01.01.- 31.03.2022	2022
Renteinntekter frå egedelar vurdert til amortisert kost		20.265	11.281	20.265	11.281	55.072
Renteinntekter frå øvrige egedelar		1.958	646	1.958	646	4.120
Rentekostnader og liknande kostnader		10.183	3.842	10.183	3.842	21.799
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>		<b>12.040</b>	<b>8.085</b>	<b>12.040</b>	<b>8.085</b>	<b>37.393</b>
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		2.779	3.312	2.779	3.312	11.498
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		423	435	423	435	1.650
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		0	75	0	75	4.220
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	Note 6	185	-225	185	-225	-318
Andre driftsinntekter		43	65	43	65	225
<b>Netto andre driftsinntekter</b>		<b>2.584</b>	<b>2.792</b>	<b>2.584</b>	<b>2.792</b>	<b>13.975</b>
Løn og andre personalkostnader		3.923	3.614	3.923	3.614	13.672
Andre driftskostnader		4.516	4.349	4.516	4.349	18.476
Avskrivinger og nedskrivinger på varige og immaterielle egedelar		-259	248	-259	248	993
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>8.180</b>	<b>8.211</b>	<b>8.180</b>	<b>8.211</b>	<b>33.141</b>
<b>Resultat før tap</b>		<b>6.444</b>	<b>2.666</b>	<b>6.444</b>	<b>2.666</b>	<b>18.227</b>
Kreditttap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	Note 4	-116	-34	-116	-34	1.138
<b>Resultat før skatt</b>		<b>6.560</b>	<b>2.700</b>	<b>6.560</b>	<b>2.700</b>	<b>17.089</b>
Skattekostnad		1.570	660	1.570	660	3.416
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>		<b>4.990</b>	<b>2.040</b>	<b>4.990</b>	<b>2.040</b>	<b>13.673</b>
<i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i>						
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over utvida resultat	Note 6	-1.738	8.266	-1.738	8.266	12.630
<b>Sum poster som ikkje vil bli klassifisert over resultatet</b>		<b>-1.738</b>	<b>8.266</b>	<b>-1.738</b>	<b>8.266</b>	<b>12.630</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>3.252</b>	<b>10.306</b>	<b>3.252</b>	<b>10.306</b>	<b>26.303</b>

**Balanse - Egedelar**

<i>Tal i tusen kroner</i>	Note	31.03.23	31.03.22	31.12.22
Kontantar og kontantekvivalentar		24.570	44.127	43.988
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og fordringar på sentralbankar		28.623	30.468	62.034
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi		0	0	0
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 3	1.781.780	1.703.134	1.783.336
Rentebearande verdipapir	Note 6	200.149	194.951	179.156
Finansielle derivat		0	0	0
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	Note 6	118.966	105.033	120.385
Immaterielle egedelar		0	0	0
Varige driftsmidlar		14.106	16.183	15.439
Andre egedelar		6.777	5.983	4.383
<b>Sum egedelar</b>		<b>2.174.971</b>	<b>2.099.879</b>	<b>2.208.721</b>

**Balanse - Gjeld og eigenkapital**

<i>Tal i tusen kroner</i>	Note	31.03.23	31.03.22	31.12.22
Innlån frå kredittinstitusjonar		106.114	105.593	106.012
Innskott frå kundar		1.721.108	1.666.515	1.756.374
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 7	50.093	50.034	50.094
Finansielle derivat		0	0	0
Anna gjeld		11.463	10.143	10.689
Andre avsetningar		4.760	4.048	7.371
<b>Sum gjeld</b>		<b>1.893.538</b>	<b>1.836.333</b>	<b>1.930.540</b>
Opptent eigenkapital		276.443	261.506	278.181
Periodens resultat etter skatt		4.990	2.040	0
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>281.433</b>	<b>263.546</b>	<b>278.181</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>		<b>2.174.971</b>	<b>2.099.879</b>	<b>2.208.721</b>

## EIGENKAPITALOPPSTILLING

Tal i tusen kroner	Opptent egenkapital						Sum egenkapital
	Sparebankens fond	Utjæmningsfond	Gåvefond	Fond for vurderingsforskjeller	Fond for urealiserte gevinster	Anna opptent egenkapital	
<b>Eigenkapital 31.12.2022</b>	245.830	0	5.484	0	26.867	0	278.181
Resultat etter skatt	4.990				-1.738		3.252
<b>Totalresultat 31.03.2023</b>	4.990	0	0	0	-1.738	0	3.252
Utbetaling av gaver							0
<b>Eigenkapital 31.03.2023</b>	250.820	0	5.484	0	25.129	0	281.433
<b>Eigenkapital 31.12.2021</b>	233.651	0	5.346	0	14.243	0	253.240
Resultat etter skatt	2.040				8.266		10.306
<b>Totalresultat 31.03.2022</b>	2.040	0	0	0	8.266	0	10.306
Utbetaling av gaver							0
<b>Eigenkapital 31.03.2022</b>	235.691	0	5.346	0	22.509	0	263.546

## Nøkkeltal

Nøkkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert	1.kvartal 2023	1.kvartal 2022	Året 2022
<b>Resultat</b>			
Kostnader i % av inntekter justert for VP	56,65 %	73,96 %	64,12 %
Kostnadsvekst siste 12 mnd	-0,01 %	9,90 %	10,76 %
Eigenkapitalavkastning* (annualisert)	4,75 %	16,24 %	9,90 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (ekskl.VP)	17,67 %	25,67 %	27,65 %
Innskotsmargin hittil i år	1,50 %	0,51 %	1,12 %
Utlånsmargin hittil i år	1,04 %	1,46 %	1,02 %
Netto rentemargin hittil i år	2,22 %	1,56 %	1,74 %
* EK-avkastning basert på totalresultat			
<b>Balanse</b>			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	8,75 %	9,31 %	8,29 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	32,30 %	31,50 %	32,30 %
Innskotsdekning	96,28 %	97,58 %	98,17 %
Innskotsvekst (12 mnd)	-2,01 %	-0,78 %	4,57 %
Utlånsvekst (12 mnd)	-0,09 %	1,42 %	6,20 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	-0,20 %	0,90 %	7,15 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	2.195.920	2.114.325	2.143.616
<b>Nedskrivningar på utlån og misleghald</b>			
Resultatførte tap i % av gjennomsnittleg brutto utlån	-0,01 %	0,00 %	0,07 %
Tapsavsetningar i % av brutto utlån	0,32 %	0,34 %	0,32 %
<b>Soliditet<sup>1</sup></b>			
Rein kjernekapitaldekning	20,16 %	19,21 %	20,68 %
Kjernekapitaldekning	20,54 %	19,60 %	21,14 %
Kapitaldekning	21,05 %	20,08 %	21,68 %
Uvekta kjernekapitalandel	8,52 %	8,29 %	8,58 %
<sup>1</sup> Inklusiv konsolidering av samarbeidsgrupper			
<b>Likviditet</b>			
LCR	209	146	184
NSFR	142	146	141

## Noter til rekneskapen

### Note 1 – Rekneskapsprinsipp og viktige estimat og skjønsmessige vurderingar

#### Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen pr.31.03.2023 er utarbeidd i samsvar med Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak kapittel 8, her under IAS 34 Delårsrapportering. Det er i forskrifta gitt unntak for kravet om å utarbeide kontantstraumoppstilling, og banken har brukt dette unntaket. Kvartalsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med gjeldande IFRS standardar og IFRIC fortolkingar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2022.

#### Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle tek føresetnader og må nytte estimat og skjønsmessige vurderingar. Estimater og skjønsmessige vurderingar vert løypande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnader og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er nytta. I årsrekneskapen er det gjort nærare reie for kritiske estimat og vurderingar som gjeld bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er angitt. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

#### Bankens rekneskapsføring av forventa kredittap

Ved vurdering av forventa kredittap skal bankane ta høgde for dei aktuelle forholda på rapporteringstidspunktet og forventningane til den økonomiske utviklinga. Nedskrivning vert rekna ut på grunnlag av utviklinga i kundane si risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper (PD og LGD). Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makroforhold) som enno ikkje har fått effekt på den nemnde risikoklassifiseringa ved vurdering av nedskrivingsbehov på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for utrekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, her under sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling.

Det er for tida stor uvisse om dei økonomiske forholda og utsiktene. Det medfører at bankens tapsnedskrivningar for kundar i både trinn 1, 2 og 3 må baserast på nye scenario og føresetnader. Det er tatt omsyn til om kundane også etter ei normalisering, og på lengre sikt, vil vere negativt påverka. Bankane har konkret vurdert om utlåna til kundane har indikasjon på auka kredittisiko eller om utlåna har vorte kredittforringa med utgangspunkt i at det vil vere bransjar og kundesegment som må forventast å verte ramma ekstra hardt. Vurderingane er gjennomført på både individuelt nivå (større engasjement og utsette engasjement) og gruppenivå og ved bruk av skjøn.

Banken gjev pantelån der verdien av sikkerheitsobjekta i form av fast eigedom er eit vesentleg kritisk estimat ved utrekning av forventa kredittap. Utviklinga i verdien på pantobjekta på kort og lang sikt er forbunde med usikkerheit. Banken har ved utrekninga av forventa kredittap vurdert engasjementa som er mest utsett for verdifall grunna blant anna pantobjektets tilstand og plassering. Banken har hatt særleg fokus på vurdering av engasjement i den del av utlånsmassen som har høgaste gjeldsgrad og/eller er mest utsett for bortfall av betjeningsevne.

I dei tilfelle engasjementet er vurdert til å ha auka kredittisiko, eller er merka «forbearance», er engasjementet migrert til steg 2. I tilfelle der det er de er avdekka objektive teikn på verdifall er engasjementet migrert til steg 3. Det er eit fåtal av bankens bedriftskundar som har mottatt vesentlege midlar frå støtteordningar, og tapsutrekninga er med dette i mindre grad påverka av slike støtteordningar.

#### Verkeleg verdi for finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktiv marknad, vert fastsett med å bruke ulike verdsettingsteknikkar. I desse vurderingane søker banken i størst mogleg grad å basere seg på marknadstilhøva på balansedagen. Dersom det ikkje er observerbare marknadsdata vert det vurdert korleis marknaden vil prise instrumentet, for eksempel basert på prising av tilsvarende instrument. I verdsettingane vert det kravd utstrekt bruk av skjøn, blant anna ved vurdering av kredittisiko, likviditetsrisiko og volatilitet. Ei endring i ein eller fleire av disse faktorane kan påverke fastsett verdi for instrumentet. Det er større uvisse enn elles i verdsettinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3.

**IFRS 16 – Leiekontraktar**

Standarden IFRS 16 gjeld alle leigeavtalar og trådde i kraft 1.januar 2019. I forbindelse med overgangen til IFRS frå 1. januar 2020 kunne dei unoterte bankane unnlate å bruke IFRS 16 for rekneskapsåret 2020 i samsvar med forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak. Banken implementerte difor IFRS 16 frå 1.januar 2021. Ved implementeringa av IFRS 16 vert leigeforpliktinga målt til noverdien av framtidige leigebetalingar og bruksrettseigedelen vert sett lik leigeforpliktinga.

For leigeavtalar som vert iverksett etter implementeringa 1.januar 2021 vil bruksrettseigedelen bli målt til kostpris. I etterfylgjande periodar vil leigeforpliktinga aukast for å spegle renta medan utførte leigebetalingar reduserer balanseført verdi av leigeforpliktinga. Rentene vert ført som rentekostnadar i resultatrekneskapen og bruksrettseigedelen vert avskriva over leigeperioden. Banken har leige av lokal i Kristiansand som vart balanseført ved innføring av IFRS 16 1.januar 2021.

Banken har vurdert å nytte fylgjande prinsippval i standarden:

- Unntak for leigeavtalar med låg verdi og unntak for leigeavtalar med kort tidshorisont (kortsiktige leigeavtalar under 12 månadar). Leigebetalingane vert då rekna som ein kostnad lineært over leigeperioden.
- Unntak for endring av samanliknbare tal ved overgang til IFRS 16.

Bruksrettseigedelen er presentert saman med andre driftsmidlar/anleggsmidlar i balanseoppstillinga. Leigeforpliktinga er presentert på linja for anna gjeld. Implementering av IFRS 16 har ikkje hatt nokon innverknad på bankens eigenkapital per 1 januar 2021.

Bruksretten er tildelt risikovekt på 100 prosent, og verknaden på rein kjernekapital var uvesentleg ved implementering.

**Note 2 – Kredittforringa engasjement****Misleghald over 90 dagar**

	31.03.23	31.03.22	31.12.22
Brutto misleghaldne engasjement - personmarknaden	8.403	5.085	2.336
Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden	0	0	888
Nedskrivningar i steg 3	-564	-188	-460
<b>Netto misleghaldne engasjement</b>	<b>7.839</b>	<b>4.897</b>	<b>2.764</b>

**Andre kredittforringa**

	31.03.23	31.03.22	31.12.22
Brutto andre kredittforringa engasjement - personmarknaden	2.328	2.340	5.098
Brutto andre kredittforringa engasjement - bedriftsmarknaden	1.287	0	0
Nedskrivningar i steg 3	-2.715	-2.229	-2.608
<b>Netto andre kredittforringa engasjement</b>	<b>900</b>	<b>111</b>	<b>2.490</b>

**Note 3 – Utlån og fordringar på kundar, fordelt på sektor og næring**

	31.03.23	31.03.22	31.12.22
Landbruk	15.745	4.391	16.345
Industri	7.943	21.144	7.318
Bygg, anlegg	40.567	39.471	32.622
Varehandel	11.867	10.295	11.069
Transport	0	0	0
Eigedomsdrift etc	71.351	79.081	71.689
Anna næring	8.956	4.938	9.226
<b>Sum næring</b>	<b>156.429</b>	<b>159.320</b>	<b>148.269</b>
Personkundar	1.631.156	1.548.452	1.640.807
<b>Brutto utlån</b>	<b>1.787.585</b>	<b>1.707.772</b>	<b>1.789.076</b>
Steg 1 nedskrivningar	-1.057	-930	-977
Steg 2 nedskrivningar	-1.470	-1.291	-1.694
Steg 3 nedskrivningar	-3.278	-2.417	-3.068
<b>Netto utlån til kundar</b>	<b>1.781.780</b>	<b>1.703.134</b>	<b>1.783.337</b>
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	777.870	711.925	781.352
<b>Totale utlån inkl. portefølje i EBK</b>	<b>2.559.650</b>	<b>2.415.059</b>	<b>2.564.689</b>

**Note 4 – Nedskrivningar og tap**

Etter IFRS 9 er bankens utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på sannsyn for misleghald (PD) på innrekningstidspunktet samanlikna med sannsyn for misleghald på balansedagen. Fordeling mellom steg vert føreteke for det enkelte lån eller engasjement.



Tabellane under spesifiserer endringane i periodens nedskrivningar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unytta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittisiko, frå 12 månaders forventa kredittap i steg 1 til kredittap over forventa levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utferding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar
- Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariable, utrekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.

31.03.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2023	578	1.023	2.757	4.358
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	24	-156	-39	-170
Overføringer til steg 2	-7	67	-2	58
Overføringer til steg 3	-2	-28	144	114
Nedskrivningar på nye utlån utbetalt i året	25	0	27	53
Utlån som er frårekna i perioden	-69	-136	-4.627	-4.832
Konstaterte tap			4.627	4.627
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-10	32	-27	-6
Andre justeringar	50	20		70
<b>Nedskrivningar personmarknaden pr. 31.03.2023</b>	<b>589</b>	<b>822</b>	<b>2.861</b>	<b>4.272</b>

31.03.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2023	1.482.268	151.007	7.433	1.640.707
Overføringer mellom steg:				0
Overføringer til steg 1	35.851	-34.767	-1.083	0
Overføringer til steg 2	-13.670	13.738	-68	0
Overføringer til steg 3	-2.477	-1.976	4.453	0
Nye utlån utbetalt	84.676	1.792	0	86.468
Utlån som er frårekna i perioden	-76.561	-19.456	-3	-96.020
Konstaterte tap				0
<b>Brutto utlån til personmarknaden pr. 31.03.2023</b>	<b>1.510.086</b>	<b>110.337</b>	<b>10.732</b>	<b>1.631.155</b>

31.03.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2023	399	671	311	1.381
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	74	-40	0	34
Overføringer til steg 2	-7	69	0	62
Overføringer til steg 3	0	-7	114	107
Nedskrivningar på nye utlån utbetalt i året	11	4	112	127
Utlån som er frårekna i perioden	-2	-8	-87	-96
Konstaterte tap			9	9
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-10	-42	11	-41
Andre justeringar	2		-53	-51
<b>Nedskrivningar bedriftsmarknaden pr. 31.03.2023</b>	<b>468</b>	<b>648</b>	<b>417</b>	<b>1.533</b>

31.03.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2023	146.523	-4.231	4.586	146.877
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	3.009	-3.009	0	0
Overføringer til steg 2	-6.771	6.771	0	0
Overføringer til steg 3	0	-305	305	0
Nye utlån utbetalt	391	0	0	391
Utlån som er frårekna i perioden	-24.447	37.212	-3.604	9.161
Konstaterte tap				0
<b>Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 31.03.2023</b>	<b>118.704</b>	<b>36.439</b>	<b>1.287</b>	<b>156.429</b>



31.03.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på unyttå kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2023	64	142	0	207
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	0	-7	0	-7
Overføringer til steg 2	-1	1	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nedskrivningar på nye kredittar og garantiar	2	22	0	24
Nedskrivningar på unyttå kredittar og garantiar som er frårekna i perioden	-20	-34	0	-54
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-10	-1	0	-11
Andre justeringar	4	1	7	11
<b>Nedskrivningar pr. 31.03.2023</b>	<b>39</b>	<b>124</b>	<b>7</b>	<b>170</b>

31.03.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unyttå kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2023	65.088	9.264	44	74.397
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	921	-920	-1,34973	0
Overføringer til steg 2	-223	223	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nye/endra unyttå kredittar og garantiar	9.111	4	0	9.115
Engasjement som er frårekna t i perioden	-5.258	-197	58	-5.397
<b>Brutto balanseførte engasjement pr. 31.03.2023</b>	<b>69.639</b>	<b>8.374</b>	<b>101</b>	<b>78.115</b>

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	31.03.2023	31.03.2022	31.12.2022
Endring i perioden i steg 3 på utlån	258		525
Endring i perioden i steg 3 på garantiar			
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2	-285	23	641
Konstaterte tap i perioden, der det tidlegere er føreteke nedskrivningar i steg 3			
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er føreteke nedskrivningar i steg 3			67
Periodens inngang på tidlegare perioders nedskrivningar	-89	-57	-95
<b>Tapskostnader i perioden</b>	<b>-116</b>	<b>-34</b>	<b>1.138</b>

## Note 5 - Segmentinformasjon

Banken utarbeider rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkudar som vert fylgt opp av bedriftskundeavdelinga inngår i bedriftsmarknaden. Etter bankens vurdering er det ikkje vesentlege skilnadar i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknadane til banken. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gjev lite tilleggsinformasjon.

RESULTAT	31.03.2023				31.03.2022				2022			
	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto renteinntekter	11.077	1.667	-704	12.040	7.222	1.360	-497	8.085	33.785	6.310	-2.702	37.393
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			0	0			75	75			4.220	4.220
Netto provisjonsinntekter	2.223	556	-423	2.356	2.759	553	-435	2.877	8.629	1.219		9.848
Inntekter verdipapir			185	185			-225	-225			-318	-318
Andre inntekter			43	43			65	65			225	225
<b>Sum andre driftsinntekter</b>	<b>2.223</b>	<b>556</b>	<b>-195</b>	<b>2.584</b>	<b>2.759</b>	<b>553</b>	<b>-520</b>	<b>2.792</b>	<b>8.629</b>	<b>1.219</b>	<b>4.127</b>	<b>13.975</b>
Løn og andre personalkostnader			3.923	3.923			-3.614	-3.614			13.672	13.672
Avskrivningar på driftsmidlar			-259	-259			-248	-248			993	993
Andre driftskostnader			4.516	4.516			-4.349	-4.349			18.476	18.476
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>8.180</b>	<b>8.180</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-8.211</b>	<b>-8.211</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>33.141</b>	<b>33.141</b>
Tap på utlån	128	-12		116	-91	125		34			1.138	1.138
Gevinst aksjar				0				0				0
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>13.428</b>	<b>2.211</b>	<b>-9.079</b>	<b>6.560</b>	<b>10.072</b>	<b>1.788</b>	<b>7.194</b>	<b>2.700</b>	<b>42.414</b>	<b>7.529</b>	<b>-32.854</b>	<b>17.089</b>
<b>BALANSE</b>	<b>PM</b>	<b>BM</b>	<b>Ufordelt</b>	<b>Total</b>	<b>PM</b>	<b>BM</b>	<b>Ufordelt</b>	<b>Total</b>	<b>PM</b>	<b>BM</b>	<b>Ufordelt</b>	<b>Total</b>
Utlån og fordringar på kundar	1.631.156	156.429		1.787.585	1.548.127	159.645		1.707.772	1.636.349	146.987		1.783.336
Innskott frå kundar	1.285.383	402.153		1.687.536	1.267.185	399.330		1.666.515	1.282.518	473.856		1.756.374

**Note 6 - Verdipapir**

Definisjon av nivå for måling av verkeleg verdi:

- **Nivå 1** - Verdsetting basert på noterte prisar i ein aktiv marknad for identiske egedelar og forplikingar
- **Nivå 2** - Verdsetting som baserer seg på (1) direkte eller indirekte observerbare prisar for identiske egedelar eller forplikingar i ein marknad som ikkje er aktiv, (2) modellar som nyttar prisar og variablar som fullt ut er henta frå observerbare marknader eller transaksjonar og (3) prising i ein aktiv marknad av ein tilsvarande, men ikkje identisk, egedel eller forpliking
- **Nivå 3** - Vurderingar som baserer seg på faktorar som ikkje er observerbare eller eksternt verifiserbare.

Bankens verdsettingsmetoder maksimerer bruken av observerbare data der det er tilgjengeleg og belagar seg minst mogleg på selskapets egne estimat.

31.03.2023				Sum
<b>Verdsettingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi.</b>	<i>NIVÅ 1</i>	<i>NIVÅ 2</i>	<i>NIVÅ 3</i>	<b>Totalt</b>
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultatet		200.149		200.149
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultatet		30.441	-	30.441
Aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader			88.525	88.525
<b>Sum</b>	-	<b>230.590</b>	<b>88.525</b>	<b>319.115</b>

<b>Avstemming av nivå 3</b>	<b>Verkeleg verdi over andre kostnader og inntekter</b>	<b>Verkeleg verdi over resultatet</b>
Inngående balanse 01.01		90.208
Realisert gevinst/tap		
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet		-
Urealisert gevinst/tap ført mot utvida resultat		(1.738)
Investering		55
Sal		-
<b>Utgående balanse</b>	<b>88.525</b>	<b>-</b>

**Note 7 – Verdipapirgjeld**

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	31.03.2023	Bokført verdi 31.03.2022	31.12.2022	Rente- vilkår
<b>Sertifikat- og obligasjonslån</b>							
NO0010831936	12.09.2018	12.09.2023	50.000	50.093	50.034	50.094	3 mnd. NIBOR + 0,95 %
<b>Sum gjeld ved utferdig av verdipapir</b>				<b>50.093</b>	<b>50.034</b>	<b>50.094</b>	

Endringar i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.12.2022	Emitert	Forfalt/ innløyst	Andre endringar	Balanse 31.03.2023
Obligasjonsgjeld	50.094	0	0	-1	50.093
<b>Sum gjeld stifta ved utferdig av verdipapir</b>	<b>50.094</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-1</b>	<b>50.093</b>

**Note 8 – Kapitaldekning**

	31.03.2023	31.03.2022	31.12.2022
Sparebankens fond	245.830	233.651	245.830
Gåvefond	5.484	5.346	5.484
Fond for urealiserte gevinstar	26.867	14.243	26.867
<b>Sum egenkapital</b>	<b>278.181</b>	<b>253.240</b>	<b>278.181</b>
Avsett gåver	-1.140	0	0
Frådrag i ren kjernekapital	-65.352	-45.460	-66.900
<b>Ren kjernekapital</b>	<b>211.689</b>	<b>207.780</b>	<b>211.281</b>
Frådrag i kjernekapital	0	0	0
<b>Sum kjernekapital</b>	<b>211.689</b>	<b>207.780</b>	<b>211.281</b>
Frådrag i tilleggskapital	0	0	0
<b>Sum tilleggskapital</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
	0	0	
<b>Netto ansvarleg kapital</b>	<b>211.689</b>	<b>207.780</b>	<b>211.281</b>

	31.03.2023	31.03.2022	31.12.2022
<b>Eksponeringskategori (vekta verdi)</b>			
Statar	0	0	0
Lokal regional myndigheit	14.312	14.227	14.314
Offentleg eigde føretak	0	0	0
Institusjonar	1.176	5.719	1.180
Føretak	42.217	31.363	39.802
Massemarknad	0	0	0
Pantesikkerheit eigedom	678.646	654.462	675.234
Forfalte engasjement	9.716	5.202	5.150
Høgrisikoengasjement	6.338	33.870	6.420
Obligasjonar med føretrinnsrett	8.322	8.238	8.330
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	4.879	5.459	11.561
Andelar verdipapirfond	6.459	6.008	6.546
Eigenkapitalposisjonar	27.685	25.310	27.801
Øvrige engasjement	91.900	105.704	82.596
CVA-tillegg	0	0	0
<b>Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko</b>	<b>891.650</b>	<b>895.562</b>	<b>878.934</b>
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	88.152	83.039	88.152
<b>Berekningsgrunnlag</b>	<b>979.802</b>	<b>978.601</b>	<b>967.086</b>
<b>Kapitaldekning i %</b>	<b>21,61 %</b>	<b>21,23 %</b>	<b>21,85 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning</b>	<b>21,61 %</b>	<b>21,23 %</b>	<b>21,85 %</b>
<b>Rein kjernekapitaldekning i %</b>	<b>21,61 %</b>	<b>21,23 %</b>	<b>21,85 %</b>
<b>Uvekta kjernekapitalandel i %</b>	<b>9,73 %</b>	<b>9,85 %</b>	<b>9,54 %</b>

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. Banken har en eierandel på 0,50 % i Eika Gruppen AS og på 0,78 % i Eika Boligkreditt AS.

	31.03.2023	31.03.2022	31.12.2022
<b>Rein kjernekapital</b>	<b>264.173</b>	<b>247.860</b>	<b>267.232</b>
<b>Kjernekapital</b>	<b>269.176</b>	<b>252.865</b>	<b>273.150</b>
<b>Ansvarleg kapital</b>	<b>275.862</b>	<b>259.165</b>	<b>280.109</b>
<b>Berekningsgrunnlag</b>	<b>1.310.358</b>	<b>1.290.435</b>	<b>1.291.953</b>
<b>Kapitaldekning i %</b>	<b>21,05 %</b>	<b>20,08 %</b>	<b>21,68 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning</b>	<b>20,54 %</b>	<b>19,60 %</b>	<b>21,14 %</b>
<b>Rein kjernekapitaldekning i %</b>	<b>20,16 %</b>	<b>19,21 %</b>	<b>20,68 %</b>
<b>Uvekta kjernekapitalandel i %</b>	<b>8,52 %</b>	<b>8,01 %</b>	<b>8,58 %</b>